



Basecamp i Uskedalen for aldersgruppa 13 - 16 år.

ER DU MELLOM 13 - 16 ÅR? Basecamp Kvinnherad var eit nytt tilbod frå Friluftsrådet Vest i fjor sommar. Også i år arrangerer vi camp og gleder oss stort til å sjå igjen kjente og ukjente. Campen er lokalisert til Uskedalen der vi kan nytta oss av både fjorden og fjella.



Hovudaktivitetane vert basert på nettopp dette. Nytt i år er at deltakarane kjem til å overnatta heima under basecampen. Dette er på grunna av smittevernreglane i høve korona-situasjonen. Alle deltakarane bur difor heime, men vi kjem til å ha dei fleste måltida saman. Påmelde deltakarar vil få meir informasjon tilsendt på mail.



Aktivitetar: Basecamp Kvinnherad har i år hovudvekt på fjelltur, klyving og kajakk, men det vert også mange andre aktivitetar.

Dersom du i løpet av leiren klarer krava for å ta Våttkort, så kan du få utlevert dette mot ei tilleggsavgift på kr. 300,-.

Aktivitetar: Kajakk, SUP-board, kano, fising, bogeskyting, fjelltur, klyving, slakk line, konkurransar, leikar, bålkos, bading, god mat og vennskap.

Pris: kr. 800,-

Alder: 13 - 16 år

Meir informasjon: frivest.no

Tekst/foto: Pressemelding

Nett: Kristian Bringedal